

# Årsmøte i Hadeland dialekt- og mållag

måndag 15. februar 2015 kl. 19.00-22.00

hos Torill Nedberge Klevmark, Sørlikevegen 15, 2743 Harestua

Til stades 7 medlemmer og verten i huset. Tusen takk for nydeleg kake, kaffi og te.

Vi hadde invitert Torun Sørli, Hadeland Landhandel AS, som først fekk ei gåve frå laget. Kundekontakt Helge Midttun gav henne ros for å toppe salsstatistikken vår i 2015. Hadeland Landhandel omsette 506 gradestokkar av dei 1560 vi selde. Torun kvitterte med å fortelje morosame episodar og kommentarar om Hadelandsgradestokken. Helge nytta høvet til å vise fram Dialekttempens nye produkt «Hadelandskoppen», som Torun gjerne vil tilby kundane sine i tillegg til gradestokken.

## Sakliste:

1. **Opning.** Leiar Reidun Sørensen ønska velkommen.

### 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

### 3. Val av ordstyrar og møteskrivar

Vedtak: Magnny Sæbø veljast som ordstyrar, Reidun R. Sørensen veljast som skrivar og til å skrive under møteboka vel vi Torill Klevmark og Helge Midttun.

### 4. Årsmelding 2015

Årsmeldinga frå styret er lagt ved.

Vedtak: Årsmeldinga er godkjent.

### 5. Rekneskap 2015

Rekneskapen var ikkje ferdig revidert til årsmøtet. Kasserar gjekk igjennom rekneskapen og svara på spørsmål.

Vedtak: Årsmøtet gir styret fullmakt til å godkjenne rekneskapen etter at det er revidert og funne i orden.

### 6. Arbeidsprogram 2016

Framlegg til arbeidsprogram er lagt ved. Årsmøtet

Vedtak: Styret startar planlegging av «Vinjeåret 2018». Laget inviterar Pilegrimssenteret med, Vinje kommune (Helge), tur til Eidsbugarden i samarbeid med Solbjørg Kvålshaugen og DnT & Hadeland turlag (Reidun), samarbeide med turlaget om lokal Vinjerute og prioritere tidspunkta då Vinje var på Hadeland. Professor Ståle Dingstad er ein aktuell foredragshaldar. Arbeidsprogrammet er godkjent.

## 7. Årspengar 2017

NM har sentralt sett årspengar for 2017 for hovedmedlem til kr 290 kr og for familiemedlemskap kr 145. Tilrådd sats for lokallaga er kr 40 for baa.

Vedtak: Årsmøtet vedtek 40 kr som årspengar til lokallaget for 2017 for hovedmedlem og familiemedlem. Det er 10 kr mindre enn for 2016.

## 8. Innkomne forslag

- A. Styret foreslår ei symbolsk godtgjering til Helge Midttun og Gunvor Kjendlie for arbeidet dei har hatt med salet av «Dialekttempen for Hadeland» i 2015. Dei to har gjort ein ekstraordinær dugnadsinnsats som går langt utover det som var forventa ved tillitsverva dei tok på seg på årsmøtet i fjor.

Vedtak: Årsmøtet vedtek å utbetalt godtgjering for 2015 til Helge Midttun med kr 2.000 og til Gunvor Kjendlie med kr 500.

- B. Styret foreslår å markere at det i 2018 er 200 år sidan A. O. Vinje vart fødd. Korleis gjer vi det? Vinjeåret 2018?

Vedtak om «Vinjeåret 2018» er teke inn i Arbeidsprogram for 2016.

## 9. Budsjett 2016

	Inntekter	Utgifter
Kjøp Dialekttempen ekskl. mva		75000
Sal av Dialekttempen ekskl. mva	112000	
Hadeland Regnskap AS		20000
Køyregodtgjering forretningsdrift		6000
Kulturarrangement		20000
Drift av laget		10000
Kontorutgifter		3000
17. mai og 30. juli		2000
Godtgjering til tillitsvalde		2500
Sikring av videoopptak		2000
Diverse utgifter		2000
Estimert sum inntekter og utgifter	112000	142500
Driftsunderskot 2016	30500	
Omsetning ekskl. mva	142500	142500

Vedtak:Budsjettposten Kulturarrangement aukast frå 10 000 i framlegget til 20 000 kr og driftsunderskotet aukast frå 20 500 i framlegget til kr 30 500. Budsjettet er vedteke.

## 10. Val

Valnemnda legg fram si innstilling.

Innstilling frå styret: Som Else Randi Kvåles etterfølgjar i valnemnda blir Ole Gunnar Monsen valt for 2 år. Magnny Sæbø tok ikkje attval som nestleiar og styremedlem,

og Rolf Theil har søkt fritak for siste året pga stort arbeidspress. Takk til dei to for innsatsen i året som gjekk.

Vedtak:

Styret:

Leiar og skrivar: Reidun Ramse Sørensen (attval for 1 år)

Nestleiar: Else Randi Kvåle (ny for 2 år)

Kasserar: Helge Midttun (attval for 1 år)

Styremedlem Torill Klevmark er ikkje på val

Årsmøtet gir styret fullmakt til å finne femte styremedlem.

1. vara Magnny Sæbø (ny for 1 år)
2. vara Vemund Viken (ny for 1 år)
3. vara Bjørn Liaklev (ny for 1 år)

Revisor: Thore Desserud (ny for 1 år)

Val av to utsendingar til årsmøtet i Austmannalaget:

Leiar og vidare styremedlemmer i same rekkefølge som i vedtektene.

Val av ein utsending til Landsmøtet i Noregs Mållag:

Leiar og vidare styremedlemmer i same rekkefølge som i vedtektene.

---

Torill Klevmark

Helge Midttun

17.02.2016,

---

skrivar Reidun Ramse Sørensen